



Arvid Eide og Tor Ove Haugland slaktar hjort (Foto: Ola Matti Mathisen)

Sjølvs om jaktseasonen vart forenga til jul vart det eit svært dårleg jaktresultat i Uskedalen, melder Lars Haugland og Svein Ottar Rørheim.

Haugland kan opplysa at berre 16 av ei kvote som tilslutt vart på 28 dyr vart felt i Haugland hjortevald. Jaktresultatet i Rørheim sitt vald vil bli klart i morgon og også der var resultatet heller nedslåande. Allereie etter den første jaktmånadene kunne han konstatera at han hadde opplevd den dårlegaste hjortekjaka på 25 år.

Haugland opplysar at det er felling av kollar og kalvar som har svikta. Medan det var gjeve grønt ljós for felling av 9 kalvar vart berre 1 felt. Kvota av kollar var 10 og her vart det felt 6 i Hauglandvaldet.

- Vi har heller ikkje sett så mange kollar og kalvar, seier Lars Haugland som svarar slik når uskedalen.no spør om mogelege grunnar til det overraskande svake jaktresultatet:
- Eg håpar at grunnen er at det er mindre hjort enn før!

Meldingar på nettet tyder på at store deler av Vestlandet har hatt eit svakt jaktutbytte. Ein jeger melder om felling av 2 kollar og 1 kalv medan resultatet året før var 7 dyr. Ein annan jeger melder om felling av 3 av 7 og svikt av kolle og kalv. Ein tredje jeger nyttar orda 'katastrofalt dårleg' når han skal beskriva utbyttet dette året.

Men det er tydelegvis positive unnatak og eitt av dei er Åkrafjorden Jakt som framleis er fornøgd med bestanden i områda sine og har hatt sitt beste år med omsyn til avskyting. Dei aller fleste av gjestejegarane som kjem til dei har sett mykje dyr, også mot slutten av jakta. Det siste har truleg samanheng med at dei har lite driving slik at hjorten stort sett får gå i fred. Men det er observert mange vaksne kollar utan kalv og ein hypotese går ut på at det har samanheng med fortilgangen i fjor vinter.

Av Ola Matti Mathisen

